



## Notat

Dato: 05.11.2014  
Arkivsak: 2014/21070-9  
Saksbehandlar: Iarbjerk

---

**Til:** Liv Sundheim

---

**Frå:** Lars Øyvind Birkenes

---

### **Offentleg ettersyn - Revidering av kommuneplanen sin arealdel med omsyn til bustadområde samt andre berørte tema - Fråsegn om kulturminne**

#### Innstilling:

- Fylkeskommunen tek atterhald om alle byggeområde i planen inntil undersøkelsesplikta etter § 9 i Kulturminnelova er oppfylt. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest på reguleringsplannivå.

Hordaland fylkeskommune ber vidare om at følgjande tekst vert teke med i føresegnene:

- Ved utbygging i LNF med spreidd busetnad skal det takast omsyn til bevaring av eksisterande bygningar, anna kulturmiljø og landskap. Jf. pbl. § 11-9 nr. 7.
- For område SB8 og SB9, LNF – område der spreidd utbygging av bustader er tillete, skal alle saker sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.

#### Kulturminne

Det er fleire kjende kulturminne innafor SB9, LNF – område der spreidd utbygging av bustader er tillete. Det omfattar store delar av det gamle bustadområdet på Kjærland, der det i SEFRAK-registeret ligg inne 18 registrerte bygningarar, ni i kategori raud og ni i kategori gul. Det er difor sers viktig, som Granvin herad skriv i konsekvensutgreiinga, at ein må ta omsyn til lokal byggetradisjon og landskapet rundt. Det er òg forholdsviss stort potensial for funn av hittil ikkje kjente automatisk freda kulturminne. Både med omsyn til automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid vert det difor avgjerande at alle framtidige tiltak innanfor dette området vert send Hordaland fylkeskommune for vurdering.

Når det gjeld byggeområda B11, B12 og B13, så er det eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Undersøkingsplikta, § 9 i kulturminnelova, må avklarast på reguleringsplannivå.